



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 28.06.2021
Møtestad: Kommunestyresal
Møtetid: 10:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Ivar Haukeland		Medlem
Inger Jåstad	Krf	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ingunn Einestrånd		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Assisterande rådmann Sveinung Toft som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2021	Godkjenning av møtebok
003/2021	Referatsak
004/2021	Framlegg til årsmelding eldrerådet 2020
001/2021	Eventuelt
005/2021	Eldreprisen 2021

001/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

28.06.2021 ELDRERÅDET

Sakslista vart godkjent samrøystes med følgjande endringar.

- Sak 005 Årsbudsjett går ut.
- Tilleggsak: Flaggrutinar frå kommunale bygg
- Eldredagen 2021
- Eldreprisen 2021

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 001/2021 VEDTAK:

Sakslista vart godkjent samrøystes med følgjande endringar.

- Sak 005 Årsbudsjett går ut.
- Tilleggsak: Flaggrutinar frå kommunale bygg
- Eldredagen 2021
- Eldreprisen 2021

002/2021: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

28.06.2021 ELDRERÅDET

Møteboka vart godkjent med følgjande merknader:

- Kva skjer med vedtaket knytt til brøyting og strøing for eldre
- Kva skjer med vedtaket om å få på plass videooverføring av politiske møte.
- Oppfølging av saka knytt til fakturering til eldre som ikkje har nettbank.

ER - 002/2021 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

003/2021: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

28.06.2021 ELDRERÅDET

ER - 003/2021 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

004/2021: Framlegg til årsmelding eldrerådet 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Eldrerådet godkjenner årsmeldinga for 2020 slik den ligg føre som vedlegg til saka..

28.06.2021 ELDRERÅDET

Årsmeldinga til Eldrerådet 2020 vert godkjent samrøystes.

ER - 004/2021 VEDTAK:

Årsmeldinga til Eldrerådet 2020 vert godkjent samrøystes.

001/2021: Eventuelt

Rådmannen sitt framlegg:

28.06.2021 ELDRERÅDET

Orienteringar:

- Leve heile livet – refromarbeidet er i godt gjenge. Det neste er utarbeiding av sjølve handlingsplanen, som skal vedtakast i kommunestyret. Eldrerådet vil ha denne til uttale før den vert slutthandsama.

Orienteringa vart teke til vitring.

1. *Flaggrutinar frå kommunale bygg i Masfjorden vart drøfta.*
Vedtak (samrøystes)
Eldrerådet oppmodar administrasjonen å sikra trygge rutinar, slik at flagging frå kommunehuset og skular vert gjort på alle offentlege flaggdagar. Kommunen vert oppmoda til å handsama skulane, kommunehuset og sjukeheimen likt når ein skal laga til rutinar og reglar for flagging.
1. Eldredagen 2021 vert 1. oktober. Eldrerådet drøfta program og innhald, og kom fram til at ein ønskjer å markere dagen i samfunnshuset i Nordbygda. Ivar Haukeland fekk ansvar for å finna talar for dagen og til å leia samlinga m.v.
2. Neste møte i eldrerådet vert planlagt til 7.september klokka 10 – 12.

ER - 001/2021 VEDTAK:

005/2021: Eldreprisen 2021

Rådmannen sitt framlegg:

28.06.2021 ELDRERÅDET

Eldredagen 2021 vert 1. oktober. Eldrerådet drøfta program og innhald, og kom fram til at ein ønskjer å markere dagen i samfunnshuset i Nordbygda. Ivar Haukeland fekk ansvar for å finna talar for dagen og til å leia samlinga m.v.

Nestleiar Inger Jåstad fekk i oppgåve å ha forslag på kandidat til neste møte.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 005/2021 VEDTAK:

Nestleiar Inger Jåstad fekk i oppgåve å ha forslag på kandidat til neste møte.

Rett utskrift frå møteboka frå Eldrerådet den 28.06.21 vert vitna:

Ivar Haukeland
leiar

Sveinung Toft
sekretær